

Kompostkurs for vidarekomne 26.-27.05.2010 på Sogn Jord- og Hagebruksskule i Aurland

Tema: Produksjon og bruk av kompost og -uttrekk, m.m.

Med Urs Hildebrandt www.landmanagement.net

Tolking til norsk v/Christian Zurbuchen, Økoringen Vest.

Målgruppe:

Alle med eit minimum av kompostkunnskapar er velkomne! Minstekrav for folk utan forkunnskapar er deltaking på kompostdagen på SJH 25.05.2010.

Føremålet med kurset er å vidareutvikla kompetansen i Norge for å sikra framstilling av kvalitetskompost. Dette med tanke på bruk av kompost til jordforbetring, næringsforsyning i økologisk frukt- og bær dyrking utan husdyr, men også med tanke på bruk av kompost i forsøk og på nye bruksområde som kompostuttrekk. Vidare vil vi også kome inn på aktuelle tema som bio-kol (bio-char), Terra preta, biogass og bio-rest.

Det endelege programmet vert tilpassa kursdeltakarane og deira ønskje!

Oppmøte tysdag 25.05. om kvelden, overnatting på skulen (med atterhald om ledige rom)

Deltakaravgift: kr. 1.700,- inkl. alle måltider (Overnatting kjem i tillegg)

Påmelding: paamelding.sjh@sfj.no / tlf. 57 63 26 50, så snart som råd!

Meir info: Sogn Jord- og Hagebruksskule (SJH) /tlf. 5763 2650/www.sjh.no/ressurscenter

Arrangørarar:

Njøs næringsutvikling AS i samarbeid med Sogn Jord- og Hagebruksskule, Økoringen Vest og Bioforsk Ullensvang.

Program *(kan tilpassast etter kursdeltakarane sine ynskjer)*

Onsdag 26.05.2010:

07:30 Frokost

08:30 Programmet startar

Kvalitetskompost

Renaissance for kompost, satsing på jord som ressursgrunnlag for framtidjordbruket

Kva skal vi bruke kvalitetskompost til → revitalisering av jord/næringstilførsel?

Kva må vere på plass for at ein kompost kan kallast kvalitetskompost?

09:45 kort pause + kaffi

10:00 **På kompostplassen:**

Kompost som er i gang

Korleis legg vi opp ein kompost i praksis

Bruk av utstyr (vendeutstyr)

11:30 Lunsj

11:30 Korleis vurderar vi jordtilstanden (ute)

Ulike måtar å betre jordtilstanden på

Jordrelaterte problem og forsøk på løysing

13:30 Kva slags hjelpemiddel har vi til å vurdere jord- og kompostkvalitet?

Kort gjennomgang av testkofferten, kromatografi og anna hjelpeutstyr

15:00 Kaffipause

15:30 ***Kompostuttrekk***

Kva er kompostuttrekk ?

Historia, teorien bak, kor utbreitt

Framstilling av kompostuttrekk

16:30 ***Bruk av kompostuttrekk i praksis (demo av utstyr)***

Korleis skjer det i praksis? Ulike typar utstyr

Korleis fungerer ein ekstraktor?

Lage kompostuttrekk med hjelp av ein ekstraktor

Sprøyteutstyr – Sprøyteteknikk

18:00 Kveldsmat

Tur til Tokvam

Torsdag 27.05.2010

07:30 Frokost

08:30 Programmet startar
Meir om bio-kol , binding av CO₂, m.m.
Biogass og bioest
Korleis skal vi forholde oss til det?

09:30 Kort tur til kompostplassen, oppfølging av komposten

10:00 Kaffipause

10:15 *Bruk av kompostuttrekk i ulike kulturar*

Korleis vert kompostuttrekk i hovudsak brukt? Jordforbetring eller som erstatning for plantevernmiddel. Verknad mot jordsjukdomar, jordtrøytteleik, m.m.
Kompostuttrekk som gjødsel?
Kompostuttrekk brukt i staden for plantevernmiddel → problem med styresmaktene (lovverk)?
Presentasjon av forsøksresultat
Aktuelle kulturar – sjukdomar
Frukt → skurv, andre soppsjukdomar
Bær: Jordbær → soppsjukdomar
Bringebær → raud rotråte, andre sjukdomar

11:30 *Lunsj + open gardsbutikk*

12:30 *Aktuelle forskingsoppgåver i frukt og bær*

Kompostuttrekk i andre intensivkulturar → grønsaker
(Evt. tid til andre spørsmål deltakarane er opptekne av.)

15:00 Kaffipause

15:30 *Arbeidet framover*

Kven tek seg av kvalitetssikringa? Kven tek prøver? Er dei til å stole på?
Arbeidsdeling mellom kompostprodusentar og -brukarar?
Korleis kan vi organisere tilgangen på kvalitetskompost?
Opplæring/kurs
Evaluering av kurset

ca. 17:00 Avslutting